

Statsforvaltaren i Vestland  
Njøsavegen 2  
6863 Leikanger

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10445 - 22/9817

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
02.02.2022

## Høyringsbrev: Søknad om godkjenning av plan for mottak av jordmassar/nydyrking/planering - gbnr 99/4 Våge

Alver kommune har motteke søknad 21.12. 21 om løyve til nydyrking/planering om mottak av jordmassar på gbnr 99/4. Det er og søkt om vesentleg terrenginngrep etter plan- og bygingslova. **Søknaden vert oversendt Statsforvalteren for å avklara om det er naudsynt med løyve til avfallsanlegg fordi det skal kjørast inn massar utifrå.**

Det meste av arealet har tidlegare vore innmarksbeite, og dei to felta er tilsaman om lag 7 daa. Bruket er ikkje i drift i dag, men planlegg nytt våningshus/driftsbygning og oppstart av sauedrift.

Arealet skal fulldyrkast til lettbrukt fulldyrka jord gjennom terrengtilpasning, bortsprenging av ujamnheiter, planering og drening samt tilførsel av tilkjørte jordmassar. I praksis vil det vera naudsynt å fylla på minimum 1- 1,5 meter jord visst det er mineraljord og 2-3 meter om det er myrjord avhengig av synking. Grovt rekna må det tilførast ein stad mellom 15 -20 000 m<sup>3</sup>. Det er ikkje oppgitt kor massane skal komma frå anna enn at dei skal koma frå nærområde.



Figur 1 situasjonskart planlagt jordtipp/planeringfelt

Figur 2 oversiktskart.



Figur 3 Flybilde av området

På flybilde viser det eit større terrenginngrep som allereie er utført, denne saka er til behandling på avdeling for Miljø og tilsyn.

**Frist for uttale vert sett til 02.03.2022**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Fanagro AS

Brugata 6

5200

Os

**Mottakarar:**

Statsforvaltaren i Vestland

Njøsavegen 2

6863

Leikanger